

Albicilla naturfagrådgeving

Att. A. O. Folkestad

Org. nr. 985 762 503 MVA

Selvågevegen 160,

6068 Eiksund

Tel. +47 94316064

NOTAT

Herøy vasslag AS - Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen

Revidert planinitiativ Detaljregulering –ID: 202204

Vi syner til avtale med styreleiar Per Arne Gjerdsbakk om vurdering av naturmangfald særleg synleggjort gjennom førekomstar og funksjon for ei rekkje fugleartar, når det gjeld framlegg til ny lokalisering av vassbehandlingsanlegg for Herøy vasslag i Moltudalen.

Med referanse til høyringsinnspel frå BirdLife Norge, avdeling Møre og Romsdal, datert 30. januar 2022, til revidert planinitiativ og ny lokalisering utarbeidd av Sporstøl Arkitekter, og preliminær rapport frå Fauna Fokus v/ Oddvar Olsen, har Albicilla naturfag v/ A. O. Folkestad vurdert nytt alternativ til lokalisering av Herøy vasslag AS sine planar for vassbehandlingsanlegg i Moltudalen. Vurderingane er gjorde først og fremst ut frå heilskapsverdiar knytt til fuglelivet og såkalla inngrepsfrie naturområde – INON, for fjellpartia og dalane sentralt på Gurskøya og mot nordvestre del av øya, jamfør notatet frå BirdLife Norge, avd. Møre og Romsdal frå 2022. I dette notatet vart det med utgangspunkt i INON-området og tilgrensande areal mot nordvest konkludert med:

1. Fjellområda på Gurskøya merkar seg ut med det største areal av INON-område i denne regionen.
2. Naturmangfaldet er stort, særleg dokumentert gjennom breidt artsspekter av fugleartar.
3. Blant hekkefuglane i området er der relativt mange artar som er vurderte som raudlista etter siste versjon av norsk raudlisteartar i Norge, nokre av dei med nokså kritisk bestandsstatus.
4. Tidlegare lokalisering av vassbehandlingsanlegg ville kome i konflikt med omsynet til fleire av dei mest omsynskrevjande fugleartane.

Naturmangfald og naturverdiar i fjellområda på Gurskøya

I referert notat frå BirdLife Norge avd. Møre og Romsdal er sumverdiane for landskap, naturtypar og naturmangfald i fjell-landskapet på sentrale og nordre del av Gurskøya vurdert som svært høgt, både isolert og i høve til regionen. På kartkopi av INON-område i Norge er det synt tilgrensande INON-område og korleis dette er endra over tid, vist med fargesymbol, jamfør fig. 1. Området er framleis langt det største som er registrert innafor «urørt natur» i reionen (avstand meir enn 1 km frå «tunge, tekniske inngrep»). I og nær det nye alternativet for lokalisering ser vi at avgrensingane av INON-områda er dimensjonerte i hovudsak av tre inngrepstyper:

1. Kraftlinje over fjellet frå Moltu over Sædalen.
2. Sædalsvegen mellom Moltu og Gjerdsvika.
3. Veganlegg og vassleidningstraséar til/frå hovudvasskjelde for Herøy vasslag AS og Moltu vasslag.

Dette er dagens status. For naturterreng meir enn 1km frå «tunge tekniske inngrep», er det lett å sjå at det først og fremst er overføringslinje for kraft som er dimensjonerande, særleg tydeleg frå Stemmedalen til Røddalen mot sør og frå Djupvikmarkene mot Ytre Herøy i nordaust. Det er store område med intakt fjellterreng på fjellplatået mellom det «urørte» arealet og bratthenga mot nord og nordaust, på same måten som det er relativt store areal på fjellplatået mellom Gjerdsvika og Moltu. Desse verdiar har vore vektlagde tidlegare, både fornaturmangfald og som mykje nytta og verdisett turterreng for lokalbefolkning og tilreisande. Det er derfor naturleg å minne om at konfliktene med



Albicilla naturfagrådgeving

Att. A. O. Folkestad

Org. nr. 985 762 503 MVA

Selvågvegen 160,

6068 Eiksund

Tel. +47 94316064

naturverdiane og for lokalt/regionalt friluftsliv var framheva som viktige ved avslag på søknad om vindkraftverk i 2008 og klagehandsaming i 2009.

Det nye planområdet i høve til verknad på INON-status:

Ut frå kart og flyfoto av området ser vi at avgrensingane av INON-områda er dimensjonerte frå eksisterande terrenginngrep og tiltak – bilveggar, kraftlinje og vassverket. I høve til eksisterande inngrep som er dimensjonerande for INON-vurdering, betyr det i praksis svært lite. Jamfør kraftlinjetraséen.




Fig. 1. INON-registrert areal ved Moltudalen i høve til nytt planalternativ for Herøy vasslag.

Det nye alternative planområdet for Herøy vassverk i høve til hekkande fugl:

Albicilla naturfag er godt kjend med det aktuelle arealet frå regelmessige turar og feltarbeid i dette området. Den tida det var aktiv beiting av bufé i området, var det ein periode hekkande vipper her, og periodevis også storspove. Vipe har vore borte som hekkfugl frå både denne delen av Gurskøya og frå det meste av regionen i ei rekkje år, og med tilvising til det som er rapportert i preliminær rapport om naturtypar og naturmangfald frå Fauna Fokus v/ Oddvar Olsen, er det lite eller ingen ting som tyder på at det aktuelle arealet til kunne tilfredsstillе krava til hekkplass for dei nemnde artane lenger. I nærområdet har det dei seinare åra vore konstatert hekkande lyngskvett (svartstrupe), men heller ikkje for den arten er det truleg at det aktuelle arealet med den vegetasjonstypen som har utvikla seg der, vil vere avgjerande for kor vidt arten vil finne eigna reirplassar i området. Etter som arealet ligg langs eksisterande bilveg og kanaliserte så godt som alt av menneskleg aktivitet gjennom og i heilandkapet i Moltudalen, vil også eksisterande aktivitet i utgangspunktet vere avgjerande for kor vidt mange av dei aktuelle hekkande fugleartane i Moltudalen vil finne det aktuelle området tilfredsstillande for hekking. Samanlikna med det området som tidlegare var aktuelt for utbygging av vassbehandlingsanlegg, er det derfor neppe noko tvil om at plasseringa som er valgt no, har vesentleg mindre konfliktpotensiale over for hekkande og spesielt for sårbare hekkande artar. Ikkje minst er kombinasjonen med kantsoner og variasjonsbreidde i det tidlegare planlagde området ein vesentleg pluss-faktor for både artsmangfald av hekkande fugl, og for enkelte av dei mest sårbare artane.



Albicilla naturfagrådgeving

Att. A. O. Folkestad

Org. nr. 985 762 503 MVA

Selvågevegen 160,

6068 Eiksund

Tel. +47 94316064




Fig. 2: Kart over det aktuelle planområdet for vassbehandlingsanlegg for Herøy vasslag.



Fig. 3. Flyfoto av planområdet for vassbehandlingsanlegg for Herøy vasslag.



Albicilla naturfagrådgeving

Att. A. O. Folkestad

Org. nr. 985 762 503 MVA

Selvågvegen 160,

6068 Eiksund

Tel. +47 94316064

Vurdering av arealbrukskonflikter:

Ut frå det som er vurdert i høve til det nye planområdet sin bruksverdi for hekkande fugl isolert sett, relativt trivielle og heller fattige vegetasjonssamfunn etter preliminær feltrapport frå området å døme, og at eksponeringa til eksisterande bilveg, tur- og utfartstrafikk må reknast som aktivitetsdempande for dei fugleartane som kunne ha vore aktuelle for eit liknande areal utan denne trafikken, må arealbrukskonflikter ved dette planalternativet forventast å vere små, eventuelt nær fråverande i høve til fugl.

Konklusjon:

Som det går fram av dette notatet, er det grunn til å konkludere med at når vasskjelde for Herøy kommune er godkjend og utbygd basert på Mørkevatnet, og terrenginngrep og installasjonar allereie har ført til terrenginngrep som har sett grenser for viktige arealverdiar innafor nasjonale miljømål i nærområdet (INON-område), vil alternativet for lokalisering av vassbehandlingsanlegg som no er lagt til grunn, vere vesentleg betre enn det alternativet som har vore vurdert tidlegare så langt det gjeld omsynet til hekkande fugleartar, særleg i høve til sårbare og sjeldne artar (raudlisteartar).

Eiksund den 14. februar 2024

For Albicilla naturfag

Alv Ottar Folkestad